

Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 31.08.2026

Møterom: Rådhuset - Kommunestyresalen

Møtetid: kl 12.00 - 15.30

Møtte	Parti
Ann Kristin Kalvik	AP
Håvard Handeland	AP
Aud Hege Jørgensen Hebnes	H
Paul Løyning	H
Kjell Arnold Pettersen	R
Asbjørn Birkeland	SP
Vegard Mjelkestøl	SP

Forfall	Parti
Lillian Nordengen	SP

Møteleder
Håvard Handeland

Møtesekretær
Marte Handeland

Dato: 02.09.2026

Håvard Handeland
Ordfører

Ann Kristin Kalvik (Ap)

Vegard Mjelkestøl (Sp)

Saksliste

Saksnr	Tittel
040/2026	Godkjenning av innkalling og saksliste
041/2026	Referatsaker
007/2026	Oversikt over høringer til formannskapet 28.08.26
042/2026	Orienteringssak
043/2026	Forslag til høringsuttalelse til ny forskrift om tilfluktssteder
044/2026	Styrking av kapasitet i interkommunalt miljøretta helsevern og revisjon av samarbeidsavtale
045/2026	Søknad om fritak og suppleringsvalg til forliksrådet
046/2026	Søknad om midlertidig fritak fra ungdomsrådet - Andreas Aasheim
047/2026	Framtidas oppvekst. Strategiske retningsval og mandat for fase 3
048/2026	Varslingsrutine for Sauda kommune
005/2026	Lufthavndrift AS - Gjeldskonvertering og Avinors overtagelse
049/2026	Lufthavndrift AS - Gjeldskonvertering og Avinors overtagelse

040/2026 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste godkjennes uten merknader.
Til å underskrive protokollen fra møte velges i tillegg til :

Formannskapet 31.08.2026

Behandling:

Innkalling og saksliste godkjennes uten merknader.
Til å underskrive protokollen fra møte velges i tillegg til ordfører Håvard Handeland (Ap):
Vegard Mjelkestøl (Sp) og Ann Kristin Kalvik (Ap)

Formannskapet - 040/2026Vedtak:

Innkalling og saksliste godkjennes uten merknader.
Til å underskrive protokollen fra møte velges i tillegg til ordfører Håvard Handeland (Ap):
Vegard Mjelkestøl (Sp) og Ann Kristin Kalvik (Ap)

041/2026 Referatsaker

Referatsakene tas til orientering.

Formannskapet 31.08.2026

Behandling:

Formannskapet - 041/2026Vedtak:

Referatsakene tas til orientering.

Formannskapet 31.08.2026

Behandling:

Formannskapet - 007/2026Vedtak:

Referatsaken tas til orientering.

042/2026 Orienteringssak

Saken tas til orientering.

Formannskapet 31.08.2026

Behandling:

Ordførers orientering:

Ordfører fremmet forslag om å lukke orienteringssak om avtalekonflikt med hjemmel § 11-5 bokstav b.

Enstemmig vedtatt.

Publikum forlater salen, dørene lukkes.

Følgende medlemmer tok ordet i saken:

Asbjørn Birkeland (Sp)

Vegard Mjelkestøl (Sp)

Kommunedirektøren svarte på spørsmål

Paul Løyning (H)

Kjell Arnold Pettersen (R)

Aud Hege J. Hebnes (H)

Dørene åpnes etter ordførers orientering.

Kommunedirektørens orienteringer:

Erstatningskrav i skolen

Kva saka gjeld:

Skulane har sendt ut krav for tilhøyrande utstyr til Ipad som er øydelagt (utover normal slitasje), eller innlevering manglar.

Det er sendt ut 52 krav, og det har kome 5 klager. Den eine klage er tatt til følge.

I år samla skulane inn Ipad og medfølgjande utstyr frå alle klassane. Til vanleg har dei berre samla inn frå 7.klasse. Dermed blei det fleire som fekk faktura samstundes

Kommunedirektøren har fått spørsmål frå medlemmer i kommunestyret, som igjen har blitt kontakta av føresette som har spørsmål kring dette. Kommunalsjefen er bedt om å svare ut i Formannskapsmøtet 28.08.26.

Heimel for å krevje erstatning:

a) Skadeerstatningslova

Det kjem fram av skadeerstatningslova kap 1 at skulen kan krevje erstatning for tapt/øydelagt utstyr inntil 5000 kr.

- § 1-1 seier noko om barn under 18 år sitt ansvar.

§ 1-2 seier noko om føresette sitt ansvar for barn under 18 år.

Denne lova er heimel nok til at skulane kan krevje erstatning for øydelagt eller manglande utstyr. Ein skal ikkje krevje erstatning for noko som er øydelagt ved uhell, men uforsiktig bruk eller med vilje gir grunnlag for å krevje erstatning. Ein skal ta omsyn til barnets alder, utvikling, økonomisk evne og kan forvente meir jo eldre barnet er. Dette kjem også fram på Udir sine nettsider.

b) Lokal forskrift om skulereglar og skuledemokrati, Sauda kommune

Kommunestyret vedtok 19.02.2025 forskrift om skulereglar og skuledemokrati. I § 11 kjem det fram av føresette kan bli haldne erstatningsansvarlege ved skade eller skadeverk på skulens eigedom eller utstyr. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell.

c) Avtale om lån av Ipad

Ved utlevering av Ipad signerer føresette digitalt på ein avtale om lån av Ipad, der det kjem fram at utstyret som blir levert ut er Ipad, deksel og ladar og at dette skal leverast tilbake ved slutten av skuleåret.

Avtalen seier også at Ipad skal ladast heime og ladar bli oppbevart heime.

I avtalen kjem det også fram at føresette snarast skal melde frå til skulen ved skader på Ipad utanfor skuletida og at skulen kan krevje erstatning ved skade på Ipad eller ekstrautstyr.

Erstatningsbeløp

Skulen legg til grunn den kostnad det har for å skulen å skaffe nytt utstyr. Dette beløpet varierer frå år til år. Sjølv om utstyr som har vore brukt over tid har tap av verdi, kan ikkje skulen ut på eit bruktmarked for å kjøpe nytt. Dei må kjøpe heilt nytt til fullpris.

Ladaren er delt i to deler, eit støpsel til ca 300 kr og ladekabel til ca 200 kr. Det skal mykje til for at støpselet blir utslitt, og då kan ein kun kjøpe ny kabel i dei fleste tilfelle.

Vurderingsgrunnlag

Skulane krev ikkje erstatning for utstyr som har normal slitasje. Terskelen er høg for å krevje erstatning for øydelagt utstyr. Riper og skraper i eit tastatur gir ògs ikkje grunnlag for å krevje erstatning.

Om bokstavane i tastaturet heilt tydeleg er rive av, og det ikkje er mogleg å bruke det lengre, kan det gi krav om erstatning. Når ikkje bokstavane har falle av på nokon andre sine tastatur, er det grunn til å vurdere at det er brukt makt for å få dei av.

Når det gjeld ladar så er det **manglande innlevering** av ladar som i hovudsak ligg til grunn for krav. Når ikkje skulen har fått ladar (original) innlevert, så kan ikkje skulen vurdere om desse har unormal slitasje/er øydelagt forsetteleg. Og sjølv om ladekabelen er slitt, så kan sannsynlegvis støpselet brukast vidare.

Skulen dokumenterer ikkje utlevering av utstyr utover Ipad-avtalen. Det gjer ein heller ikkje med lærebøker eller anna materiell og utstyr som blir levert ut gjennom året. Skulen har tillit til at lærarane deler ut utstyr i samsvar med rutinar for utlevering.

Sjølvsagt kan det skje ein glipp, at ikkje alle elevane får utstyret. Elevane har hatt ansvar for å lade Ipad heime heile skuleåret, og om det ikkje har kome tilbakemelding tidlegare om at elevane manglar ladar, har me lagt til grunn at utstyret er delt ut.

Skulen sitt vurderingsgrunnlag for å hevde at noko er brukt uforsiktig eller er øydelagt med vilje, er samanlikning av utstyr som blir samla inn. Lærarane samlar inn utstyr frå heile klassar, og det er kun innlevert utstyr som skil seg mykje ut i tilstand det blir sendt krav for. Eller at det manglar innlevering.

Så skulen har ikkje anna bevis enn lærarane sitt ord og observasjon av utstyret, og ønskjer heller ikkje ei utvikling der skulen må dokumentere all utlevering, tilstand på utstyr ved utlevering og innlevering.

I strid med gratisprinsippet?

Når elevane har fått utdelt utstyr dei får låna, så har skulen innfridd gratisprinsippet. Gratisprinsippet omfattar ikkje nytt utstyr om dette er øydelagt med vilje, eller utstyr er tapt/mista.

Gjennom året krev ògså skulen erstatning for lærebøker, skade på eigedom og anna. På slike områder er det ikkje inngått eigne avtalar, men erstatningsskadelova og skulereglane gir heimel for dette.

Prosess

Når skulane krev erstatning for tap eller manglar ved utstyr, er dette definert som eit privatrettsleg krav. Det vil sei det ikkje er eit vedtak med klagerett etter forvaltningslova.

Det er på denne bakgrunn føresette får ein faktura med krav om erstatning. Skulen melder frå til økonomiavdelinga, som sender ut krav. I kravet er det oppgitt kva det er krav om erstatning for.

Føresette kan stille spørsmål, gi nye opplysningar eller klage til skulen, som då gjer ei ny vurdering av saka. Om skulen opprettheld kravet, går kravet vidare til kommunalsjef for ei ny vurdering.

Om det framleis er usemje kan saka gå til forliksrådet.

Forbetringspunkt for skulane

1. Førebu

Alle barneskulane sendte melding til alle føresette i juni, i forkant av innsamling av utstyr, der det kom fram at dei skulle samle inn alt utstyr, og at ladar måtte leverast til skulen innan 19.juni. Det kom også fram av informasjonen at om dei ikkje leverte original ladar, ville dei få ein faktura tilsvarande kostnad ved å kjøpe ny. Sum var oppgitt i mailen.

Denne praksisen kan innførast også ved ungdomsskulen.
i år, enn andre år.

2. Informasjonsbrev vedlagt faktura

I dag sendes melding frå skulen til økonomi, som er dei som sender faktura.

Me bør leggje ved eit skriv til fakturaen, der det kjem fram kva det er, lovheimel og kor dei kan ta kontakt om dei har spørsmål til kravet eller har ny informasjon i saka.

Konsekvens om krav om erstatning skal bort

Det har ein økonomisk konsekvens for skulane, som må ha budsjett til å kjøpe nytt utstyr.

Det viktigaste for skulane er at elevane lærer at dei må ta vare på det dei får låne. Om dei veit at det ikkje har konsekvensar å rote bort eller øydelegge utstyr og materiell, er skulane redd at det gjer noko med ansvarskjensla for mange elevar.

Det har også eit miljømessig perspektiv om ein ikkje kan bruke utstyr om att, fordi det ikkje er tatt vare på.

Følgende medlemmer tok ordet i saken:

Ann Kristin Kalvik (Ap)

Framtidas oppvekst. Strategiske retningsval og mandat for fase 3.

- Reaksjonar, kommentarar og spørsmål ved kvifor saka kom nå. Den var kanskje ikkje venta før desembermøtet.
- Det har også kome førespurnad om å sei noko om kvifor det er viktig at ein også ser på barnehage også nå.

Kvifor kjem saka no?

Kommunestyret har gjennom fleire vedtak bedt kommunedirektøren arbeide vidare med Framtidas oppvekst og at ein skal sjå denne saman med Framtidas helse/velferd.

Så langt er Framtidas oppvekst kun eit kunnskapsgrunnlag. Utan retningsval er det uvisst kva me skal me sjå saman med helse/velferd. Ein eller tre barneskular? Tre, to eller ein kommunal barnehage?

Det blei i desember 2025 vedteke 3 millionar kroner til arbeid med prosjektet Framtidas oppvekst neste år og 7 millionar i 2028, og kommunestyret har vedteke at arbeidet skal sjåast i samanheng med Framtidas helse og velferd. Vidare er det vedteke at prosjekta skal køyrast parallelt, slik at me kan gjere heilskaplege vurderingar av investeringar, areal og tenester.

Utan retningsval er det krevjande å vite kva skal køyrast parallelt og kva skal liggje til grunn for dei heilskaplege vurderingane, korleis ein skal jobbe med bestillingane frå kommunestyret. Eventuelt kan det vere behov for å avklare meir kva som ligg i desse bestillingane.

Ei slik avgjerd kan sjølvsagt vente til desember, eller seinare, når det ligg føre ein første del av kunnskapsgrunnlaget for helse og velferd.

Det som gjorde at det blei vurdert rett å kome med saka nå, er at oppfatninga har vore at kommunestyret ønskjer at kommunedirektøren gjennom budsjettet skal gjere ein jobb med å sjå framtidas helse og velferd og oppvekst saman, basert på en informasjonen ein har så langt, slik at kommunestyret får eit felles informasjonsgrunnlag for å ta beslutning om vidare arbeid og prosess. Det er viktig å streke under at det er behov for vidare arbeid i begge prosjekta.

Første møterunden i haust er den einaste møterunden før kommunedirektøren sin tidsfrist for å ha ferdig eit budsjettforslag, derfor kom saka nå.

I forslag til budsjett legg ein inn prosjektmidlar, og summane på 3 og 7 millionar kroner som er vedteke for prosjektet Framtidas oppvekst for 2027 og 2028, kan måtte endrast på - alt etter kva retningsval de tar, og korleis de ser føre dykk at prosjekta skal køyrast saman.

Slik me har forstått bestillinga, vil de også ha informasjonsgrunnlag om kva investeringsnivå kommunen toler. Det betyr mykje for kva informasjon me kan gi dykk om me skal leggje til grunn ein felles barneskule der me kan redusere årlege driftsutgifter med over 11 millionar kroner. Eller ei oppgradering av tre skular, som ikkje gir den same reduksjonen av driftsutgifter.

Når det gjeld barnehage er det også skilnad å planleggje for tre, to eller ein barnehage. Både når det gjeld vidare prosjekteringskostnadar og lånegjeld.

I tillegg til at eit retningsval vil gjere der enklare å gi dykk informasjon som kan vere viktig for budsjettarbeidet, så vil også eit retningsval vere viktig for andre områder der ein må sjå helse/velferd og oppvekst saman.

Når det kjem til området areal er det viktig med ei heilskapleg vurdering og planlegging dersom Fløgstad skule skal utgreiast som tomt for ein felles skule, om til dømes helse/velferd skal utvide kapasiteten sin der dei held til i dag.

Skal Austarheim skule utgreiast som tomt, er det viktig med ei avklaring av om Rustå barnehage skal vere der som i dag, og/eller skal få utvida kapasitet.

Det same gjeld dei faglege vurderingane om innhaldet i bygga. Dersom til dømes PPT og/eller andre tenester for barn og unge skal samlokalisert med ein eventuell framtidig skule, kan det fristille areal i helsebygget som er viktig å ta omsyn til når ein skal planleggje prosjektet Framtidas helse/velferd meir i detalj.

Alt heng saman med alt, sjølv om det ikkje betyr at ein skal eller kan gjere alt på ein gong.

I tillegg vedtok kommunestyret i juni at det skulle kome ei politisk sak i andre halvår 2026 om mandatet for fase 3. Etter dialogmøtet i mai oppfatta me også eit ønske om at kommunestyret sjølv skulle ta ansvar for dei overordna strukturvala. Derfor er det ingen forslag til vedtak i saka.

Saka i dag er vårt forsøk på å leggje til rette for at de saman kan ta dei overordna strukturvala.

Sjølve detaljane i mandatet for fase 3 kunne sjølv sagt ha venta, men vurderinga var at ein kunne sjå behovet for retningsval ift budsjettarbeidet og dette mandatet saman.

Saksframlegget oppmodar altså om å ta eit retningsval for vidare arbeid og kunnskapsgrunnlag – ikkje ei endeleg avgjerd. Verken om gjennomføring eller investering.

De har også i samband med fase 1 i prosjektet Framtidas oppvekst, i september 2024, gjort eit vedtak som gjer at det skal vere fleire politiske stopp-punkt i arbeidet. Det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre er eit moglegheitsstudium - eit skisseprosjekt.

Vedtaket seier at neste steg er eit forprosjekt, som skal gi meir detaljert informasjon om løysingar og bygg. Deretter kjem prosjektering og så anbod. Kvart av desse stega gir eit politisk stopp-punkt, jamfør vedtaket.

Og kunnskap de får gjennom desse stega kan gjere at tidlegare retningsval må vurderast på nytt.

Så litt om barnehage

Eg vil også gi dykk litt oppdatert informasjon om barnehage, som utdjupar kvifor kommunedirektøren meiner det er viktig å avklare framtidig retning også for dette fagfeltet.

Dei neste par månadane skal areala i alle barnehagane målast opp på ny. Dette er kjent behov frå prosjektets fase 2. Dersom grunnlagsarbeidet frå Norconsult og AFRY stemmer, må me rekne med eit lågare godkjent tal på plassar ved Rustå og Leabøen.

Det betyr ikkje at barn som har plass i dag, mistar han. Men det kan påverke kor mange nye barn me kan ta inn i desse barnehagane frå og med hovudopptak 2027.

Samtidig går heile 55 barn ut av barnehagane sommaren 2027. Dette er det såkalla «Koronakullet.» Basert på fødselstala og busetting av flyktningar er det ikkje venta så store

kull inn. Så nok barnehageplassar vil me sannsynlegvis ha, men kva storleik dei ulike barnehagane får er det store spørsmålet.

Å ha nok plassar totalt er ikkje det same som å ha ein robust barnehagestruktur.

Me står midt i ei tid der me manglar hender til arbeid i barnehage. Og me erfarer at mindre einingar er meir sårbare enn større. Veslefrikk barnehage har fleire tilsette å spele på ved sjukdom, fråvær og vakansar, enn dei to andre barnehagane har.

Om desse barnehagane, gjennom nye godkjenningstal, blir endå mindre, er me redd det blir endå meir sårbart å halde drifta.

De er frå kunnskapsgrunnlaget kjent med dei faglege tilrådingane om storleik i forhold til eit godt fagleg miljø. Nå står me i en situasjonen at per nå er det ingen av barnehagane som har ein spesialpedagog som arbeidar på det som blei kalla «gult nivå» i kommunestyret sitt vedtak om styrking av bemanning i barnehagane, altså den styrka tidlege innsatsen til barn som treng litt ekstra hjelp, men som ikkje har enkeltvedtak om dette.

Grunna rekrutteringsutfordringar er det kun spesialpedagogar til å jobbe med lovpålagte vedtak i barnehagane i haust. Me håpar å lukkast med rekruttering i den tredje utlysingsrunden me held på med nå, men veit ikkje. Fleire barnehagar gjer at spesialpedagogiske ressursar må fordelast på fleire einingar, noko som krev meir rekruttering.

Eit anna døme på situasjonen som er nå: I Leabøen barnehage er det per i dag 39 barn. 10 barn går ut sommaren 2027. Då står det igjen 29 barn før nytt opptak. Det kjem nye barn inn, men me veit ikkje kor mange som søker plass der.

Veslefrikk barnehage har vanlegvis vore ein barnehage der mange søker plass. Det går ut heile 26 barn i Veslefrikk til sommaren, noko som vil fristille mykje ledig kapasitet der. Korleis det slår ut på søknaden til dei andre barnehagane, veit me ikkje nå.

Og om Leabøen får eit godkjenningstal som oppgitt i kunnskapsgrunnlaget frå AFRY, er det ikkje plass til så mange fleire barn der. Det foreløpige talet var rundt 30 barn om fordelinga var 50 % barn under og over 3 år. Leabøen har ei slik fordeling av barn nå.

Kommunestyret har vedteke at det ikkje skal vere barnehagar med under 30 barn over tid.

Så diskusjonen om framtidig barnehagestruktur handlar derfor om meir enn bygg og talet på plassar. Han handlar om å få ein struktur som toler variasjonar i barnetalet, gir robuste fagmiljø, gjer bemanning og rekruttering enklare, og som er økonomisk berekraftig.

Når det gjeld dette med økonomisk berekraft får de ei sak til handsaming i neste kommunestyremøte som omhandlar dette.

Frå januar og utover våren er det per nå 13 barn som har søkt om barnehageplass.

I våre vedtekter har me ingen garanti om rett til plass, men me gjennomfører supplerande opptak gjennom året om det er ledig areal og bemanning. Så langt har me greidd å gi plass til barn gjennom året.

Kommunestyret har bedt om å bli informert om det står barn på liste som me ikkje kan gi plass. Denne informasjonen blir gitt nå. **Det er per nå ikkje ei venteliste, det er ei søkerliste som kan bli ei venteliste.**

For i Veslefrikk og Rustå er det per nå fullt, både når det gjeld areal og bemanning. I Leabøen og Brakamoen er det, basert på areal, nokre ledige plassar, men dei har ikkje budsjett til å bemanne for å ta inn alle desse barna.

Bemanningsnorma i barnehage set føringar for kor mange tilsette det skal vere per barn, og for desse 13 barna er det behov for ei auke i budsjett på kring 5 årsverk. Jo fleire barnehagar desse blir fordelte på, jo fleire årsverk kan det vere behov for. Til den private barnehagen betaler me tilskot per barn.

Denne gir ei todelt utfordring:

For det første er rekrutteringssituasjonen så krevjande at det ikkje er sikkert me får tak i nok folk, sjølv om stillingane blir finansierte. Me må ofte ha fleire tilsette når det er små einingar, fordi me ikkje alltid får fylt opp med barn etter bemanningsnorma. Det vil sei at små einingar gir ofte større rekrutteringsbehov.

For det andre vil dette i utgangspunktet vere faste stillingar. Samtidig går 55 barn ut til våren, og me ventar færre barn inn. Frå august 2027 kan me derfor igjen ha tilstrekkeleg kapasitet innanfor dagens bemanning, og kan stå med eit overtal tilsette, eller med forpliktingar til å betale høgare tilskot til den private barnehagen enn tal barn dei har.

For eit anna moment er omsynet til den private barnehagen:

Sauda kommune er avhengig av at den private barnehagen vil byggje opp sin kapasitet, fordi det er dei som vil ha plass til dei fleste av desse barna som har søkt plass på nyåret. Og den private barnehagen vil sjølv sagt ikkje auke bemanninga om dei ikkje får garanti for å dekke utgifter utover en korte perioden det sannsynlegvis er behov for denne auken i bemanning. Dei har ikkje lyst til å kome i ein situasjon med oppseiingar igjen, grunna fall i barnetalet.

Kommunen er gjennom lov plikta til å handsame private og kommunale barnehagar likeverdig. Likeverdig handlar også om å planleggje for rett kapasitet. Om me held for høg kapasitet ift barnehageplassar i dei kommunale barnehagane, kan det gi driftsutfordringar for den private barnehagen. Dei kommunale barnehagane får vedteke sitt budsjett, mens den private barnehagen får budsjett basert på tilskot per barn dei har.

Dette er mykje informasjon og til dels komplisert informasjon.

Intensjonen har ikkje vore å forvirra og gjere det meir vanskeleg, men å sikre at det har god informasjon om dei utfordringane også barnehage står i før de eventuelt tar eit retningsval for Framtidas oppvekst.

Lykke til med handsaming av saka.

Følgende medlemmer tok ordet i saken:

Paul Løyning (H)

Ann Kristin Kalvik (Ap)

Formannskapet - 042/2026Vedtak:

Orienteringssakene ble tatt til orientering.

043/2026 Forslag til høringsuttalelse til ny forskrift om tilfluktssteder

Kommunedirektørens forslag til vedtak

Høringsinnspill fra Sauda kommune datert 21.07.2026 til forskrift om tilfluktssteder, som den går frem av vedlegg 1, vedtas og sendes til Justis- og beredskapsdepartementet.

Formannskapet 31.08.2026

Behandling:

Følgende medlemmer tok ordet i saken:
Asbjørn Birkeland (Sp)

Formannskapet - 043/2026Vedtak:

Høringsinnspill fra Sauda kommune datert 21.07.2026 til forskrift om tilfluktssteder, som den går frem av vedlegg 1, vedtas og sendes til Justis- og beredskapsdepartementet.

Enstemmig vedtatt.

044/2026 Styrking av kapasitet i interkommunalt miljøretta helsevern og revisjon av samarbeidsavtale

Kommunedirektørens forslag til vedtak

Sauda kommune slutter seg til en utvidelse av kapasiteten i det interkommunale samarbeidet om miljøretta helsevern med 0,45 årsverk, slik at samlet bemanning økes til 1,25 årsverk.

Vertskommunen gis fullmakt til å iverksette rekruttering innenfor vedtatt kostnadsramme.

Gjeldende samarbeidsavtale for miljøretta helsevern skal revideres og oppdateres i tråd med gjeldende kommunelov. Revisjonen skal bygge på erfaringene fra samarbeidet og bidra til tydeliggjøring av ansvar, myndighet og samhandling mellom partene.

Formannskapet 31.08.2026

Behandling:

Følgende medlemmer tok ordet i saken:

Aud Hege J. Hebnes (H)

Kommunedirektøren svarte på spørsmål

Formannskapet - 044/2026Vedtak:

Sauda kommune slutter seg til en utvidelse av kapasiteten i det interkommunale samarbeidet om miljøretta helsevern med 0,45 årsverk, slik at samlet bemanning økes til 1,25 årsverk.

Vertskommunen gis fullmakt til å iverksette rekruttering innenfor vedtatt kostnadsramme.

Gjeldende samarbeidsavtale for miljøretta helsevern skal revideres og oppdateres i tråd med gjeldende kommunelov. Revisjonen skal bygge på erfaringene fra samarbeidet og bidra til tydeliggjøring av ansvar, myndighet og samhandling mellom partene.

Enstemmig vedtatt.

045/2026 Søknad om fritak og suppleringsvalg til forliksrådet

Kommunedirektørens forslag til vedtak

1. Sjur K. Hatlen innvilges fritak fra vervet som medlem og leder av Sauda forliksråd
2. Kristine Espeland Rafdal velges som nytt medlem av Sauda forliksråd for resten av valgperioden, til og med 31. desember 2028.
3. Jon Lambrigt Grindheim velges som ny leder av Sauda forliksråd for resten av valgperioden, til og med 31. desember 2028.

Etter suppleringsvalget får forliksrådet følgende sammensetning og rekkefølge:

Medlemmer:

1. Jon Lambrigt Grindheim – leder
2. Else Dahl-Olsen
3. Kristine Espeland Rafdal

Varamedlemmer:

1. Janne Eikevik
2. Jorunn Merete Solbrekk
3. Rune Bratås

Formannskapet 31.08.2026

Behandling:

Følgende medlemmer tok ordet i saken:

Kommunedirektøren svarte på spørsmål

Asbjørn Birkeland (Sp)

Formannskapet - 045/2026Vedtak:

1. Sjur K. Hatlen innvilges fritak fra vervet som medlem og leder av Sauda forliksråd
2. Kristine Espeland Rafdal velges som nytt medlem av Sauda forliksråd for resten av valgperioden, til og med 31. desember 2028.
3. Jon Lambrigt Grindheim velges som ny leder av Sauda forliksråd for resten av valgperioden, til og med 31. desember 2028.

Etter suppleringsvalget får forliksrådet følgende sammensetning og rekkefølge:

Medlemmer:

1. Jon Lambrigt Grindheim – leder
2. Else Dahl-Olsen
3. Kristine Espeland Rafdal

Varamedlemmer:

1. Janne Eikevik
2. Jorunn Merete Solbrekk
3. Rune Bratås

Enstemmig vedtatt.

046/2026 Søknad om midlertidig fritak fra ungdomsrådet - Andreas Aasheim

Kommunedirektørens forslag til vedtak

1. Andreas Aasheim innvilges midlertidig fritak fra vervet som medlem og leder av Sauda ungdomsråd i perioden 20. august 2026–1. juli 2027.

2. Knut Jesper Landa Bjørheim velges som settemedlem i Sauda ungdomsråd i samme periode.
3. Sauda ungdomsråd velger selv midlertidig leder for perioden Andreas Aasheim har fritak.
4. Valg av midlertidig varamedlem til ungdomsrådet behandles som egen sak.

Formannskapet 31.08.2026

Behandling:

Formannskapet - 046/2026Vedtak:

1. Andreas Aasheim innvilges midlertidig fritak fra vervet som medlem og leder av Sauda ungdomsråd i perioden 20. august 2026–1. juli 2027.
2. Knut Jesper Landa Bjørheim velges som settemedlem i Sauda ungdomsråd i samme periode.
3. Sauda ungdomsråd velger selv midlertidig leder for perioden Andreas Aasheim har fritak.
4. Valg av midlertidig varamedlem til ungdomsrådet behandles som egen sak.

Enstemmig vedtatt.

047/2026 Framtidas oppvekst. Strategiske retningsval og mandat for fase 3

Kommunedirektørens forslag til vedtak

1. Kommunestyret vedtek følgende strategiske val (jf. vedlegg):
 - a) framtidig skulestruktur (A, B): _____
 - b) eventuell prioritering av lokaliseringalternativ for skule (B.1 – B.3):
 - 1: _____
 2. _____
 3. _____
 - c) framtidig barnehagestruktur (A, B.1.1,B.1.2, B.2): _____
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å ferdigstille prosjektmandatet for fase 3 på bakgrunn av dei strategiske avklaringane kommunestyret gjer i punkt 1 i dette vedtaket.
3. Kommunedirektøren arbeider vidare innanfor de vedtatte strategiske rammene og legger frem nye saker når det er behov for politiske avklaringer.
4. Kommunestyret vil bli halde orientert om framdriften ved sentrale milepåler.

5. Kommunedirektøren arbeider vidare innanfor dei vedtekne strategiske rammene og skal samordne det vidare arbeidet med prosjektet Framtidas helse og velferd der dette er relevant.

Formannskapet 31.08.2026

Behandling:

Endringsforslag , foreslått av Ann Kristin Kalvik, Arbeiderpartiet

Kommunedirektørens forslag til vedtak

1. Kommunestyret vedtek følgjande strategiske val (jf. vedlegg):
 - a) framtidig skulestruktur alternativ B, ein felles skule
 - b) prioritering av lokaliseringsalternativ for skule
 - 1: B2 Fløgstad Skule
 2. B3 Veslefrikk/hestesportbanen
 3. B1 Austarheim skule
 - c) framtidig barnehagestruktur tas ikke stilling til, kommunestyret ber kommunedirektøren legge frem sak med informasjon knyttet til nye arealberegninger.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å ferdigstille prosjektmandatet for fase 3 på bakgrunn av dei strategiske avklaringane kommunestyret gjer i punkt 1 i dette vedtaket.
4. Kommunedirektøren arbeider vidare innanfor de vedtatte strategiske rammene og legger frem nye saker når det er behov for politiske avklaringer.
5. Kommunestyret vil bli halde orientert om framdriften ved sentrale milepåler.
6. Kommunedirektøren arbeider vidare innanfor dei vedtekne strategiske rammene og skal samordne det vidare arbeidet med prosjektet Framtidas helse og velferd der dette er relevant.

Forslaget vedtatt med 4 mot 3 stemmer. Asbjørn Birkeland (Sp), Vegard Mjelkestøl (Sp) og Kjell Arnold Pettersen (R) stemte mot.

Nytt forslag, foreslått av Vegard Mjelkestøl, Senterpartiet

Kommunestyret tek ikkje stilling til struktur og plassering før endeleg rapport for framtidas Helse og Velferd er lagt fram jamfør verbalpunkt økonomiplan 2025.

Forslaget falt med 3 mot 4 stemmer. Asbjørn Birkeland (Sp), Vegard Mjelkestøl (Sp) og Kjell Arnold Pettersen (R) stemte for.

Utsettelsesforslag, foreslått av Asbjørn Birkeland, Senterpartiet
Saken utsettes i påvente av Framtidas Helse.

Forslaget falt med 3 mot 4. Asbjørn Birkeland (Sp), Vegard Mjelkestøl (Sp) og Kjell Arnold Pettersen (R) stemte for.

Asbjørn Birkeland fremmet forslag om å utsette saken.

Følgende medlemmer tok ordet til utsettelsesforslaget:

Asbjørn Birkeland (Sp)

Håvard Handeland (Ap)

Ann Kristin Kalvik (Ap)

Kjell Arnold Pettersen (R)

Håvard Handeland (Ap)

Følgende medlemmer tok ordet i saken:

Vegard Mjelkestøl (Sp)

Håvard Handeland (Ap)

Ann Kristin Kalvik (Ap)

Paul Løyning (H)

Kommunedirektøren svarte på spørsmål

Aud Hege J. Hebnes (H)

Formannskapet - 047/2026Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek følgjande strategiske val (jf. vedlegg):

a) framtidig skulestruktur alternativ B, ein felles skule

b) prioritering av lokaliseringsalternativ for skule

1: B2 Fløgstad Skule

2. B3 Veslefrikk/hestesportbanen

3. B1 Austarheim skule

c) framtidig barnehagestruktur tas ikke stilling til, kommunestyret ber kommunedirektøren legge frem sak med informasjon knyttet til nye arealberegninger.

3. Kommunedirektøren får i oppdrag å ferdigstille prosjektmandatet for fase 3 på bakgrunn av dei strategiske avklaringane kommunestyret gjer i punkt 1 i dette vedtaket.

4. Kommunedirektøren arbeider vidare innanfor de vedtatte strategiske rammene og legger frem nye saker når det er behov for politiske avklaringer.

5. Kommunestyret vil bli halde orientert om framdriften ved sentrale milepåler.

6. Kommunedirektøren arbeidar vidare innanfor dei vedtekne strategiske rammene og skal samordne det vidare arbeidet med prosjektet Framtidas helse og velferd der dette er relevant.

Forslaget vedtatt med 4 mot 3 stemmer. Asbjørn Birkeland (Sp), Vegard Mjelkestøl (Sp) og Kjell Arnold Pettersen (R) stemte mot.

048/2026 Varslingsrutine for Sauda kommune

Kommunedirektørens forslag til vedtak

Kommunestyret vedtar varslingsrutinen slik den fremgår som vedlegg til saken.

Kommunedirektøren får myndighet til å revidere den administrative delen ved endringer i lov- og avtaleverk.

Formannskapet 31.08.2026

Behandling:

Alternativt forslag til vedtak, foreslått av Asbjørn Birkeland, Senterpartiet

Kommunestyret vedtar varslingsrutinen slik den fremgår som vedlegg til saken med følgende endringer:

Forsvarlig varslingspunkt a) med kulepunkt og punkt b) erstattes med:

Intern varslingsrutine (for eksempel til leder, tillitsvalgt eller via varslingsrutinen) er alltid å regne som forsvarlig.

Kanaler for varslingsrutine, siste setning erstattes med:

Kommunen oppfordrer til å varsle med fullt navn fordi det sikrer best oppfølging, men anonyme varsler vil bli undersøkt så langt det lar seg gjøre basert på hvor innholdet er. Anonyme varslere må være klar over at rutinen ikke kan følges helt systematisk, men det skal ivaretas på lik linje så godt det lar seg gjøre.

Varslingssekretariat, andre setning endres til:

Varslingssekretariatet er satt sammen av Kommunedirektør, Organisasjons- og Personalsjef og Kommuneadvokat/juridisk bistand. Hovedverneombud er ikke en del av sekretariatet, men skal involveres i prosessen som en uavhengig part.

Oppfølging av den det varsles om, fjernes setningen: Man kan aldri utelukke at ordningen med varslingsrutine blir misbrukt til å skade andre.

Kommunedirektøren får myndighet til å revidere den administrative delen ved endringer i lov- og avtaleverk.

Enstemmig vedtatt.

Endringsforslag, foreslått av Aud Hege Jørgensen Hebnes, Høyre

Stryke punkt: Mangelfull utføring av forventet arbeid

Enstemmig vedtatt.

Følgende medlemmer tok ordet i saken:

Asbjørn Birkeland (Sp)

Aud Hege J. Hebnes (H)

Formannskapet - 048/2026Vedtak:

Kommunestyret vedtar varslingsrutinen slik den fremgår som vedlegg til saken med følgende endringer:

Forsvarlig varsling punkt a) med kulepunkt og punkt b) erstattes med:

Intern varsling (for eksempel til leder, tillitsvalgt eller via varslingsrutinen) er alltid å regne som forsvarlig.

Kanaler for varsling, siste setning erstattes med:

Kommunen oppfordrer til å varsle med fullt navn fordi det sikrer best oppfølging, men anonyme varsler vil bli undersøkt så langt det lar seg gjøre basert på hvor konkret innholdet er. Anonyme varslere må være klar over at rutinen ikke kan følges helt systematisk, men det skal ivaretas på lik linje så godt det lar seg gjøre.

Varslingssekretariat, andre setning endres til:

Varslingssekretariatet er satt sammen av Kommunedirektør, Organisasjons- og Personalsjef og Kommuneadvokat/juridisk bistand. Hovedverneombud er ikke en del av sekretariatet, men skal involveres i prosessen som en uavhengig part.

Oppfølging av den det varsles om, fjernes setningen: Man kan aldri utelukke at ordningen med varsling blir misbrukt til å sverte andre.

Stryke punkt: Mangelfull utføring av forventet arbeid

Kommunedirektøren får myndighet til å revidere den administrative delen ved endringer i lov- og avtaleverk.

Enstemmig vedtatt.

005/2026 Lufthavndrift AS - Gjeldskonvertering og Avinors overtagelse

Kommunedirektørens forslag til vedtak

Sauda kommune godkjenner at Karmsund Lufthavn Invest AS sin fordring på Lufthavndrift AS konverteres til egenkapital i selskapet, og at de utstedte aksjene inngår i et samlet salg til Avinor.

Sauda kommune ønsker dermed ikke at kommunens fordring på Karmsund Lufthavn Invest AS konverteres til aksjer i Karmsund Lufthavn Invest AS.

Formannskapet 31.08.2026

Behandling:

Følgende medlemmer tok ordet i saken:
Aud Hege J. Hebnes (H)

Formannskapet - 005/2026Vedtak:

Formannskapet ønsker å omgjøre saken til en politisk sak. Enstemmig vedtatt

049/2026 Lufthavndrift AS - Gjeldskonvertering og Avinors overtagelse

Kommunedirektørens forslag til vedtak

Sauda kommune godkjenner at Karmsund Lufthavn Invest AS sin fordring på Lufthavndrift AS konverteres til egenkapital i selskapet, og at de utstedte aksjene inngår i et samlet salg til Avinor.

Sauda kommune ønsker dermed ikke at kommunens fordring på Karmsund Lufthavn Invest AS konverteres til aksjer i Karmsund Lufthavn Invest AS.

Formannskapet 31.08.2026

Behandling:

Følgende medlemmer tok ordet i saken:
Aud Hege J. Hebnes (H)

Formannskapet - 049/2026Vedtak:

Sauda kommune godkjenner at Karmsund Lufthavn Invest AS sin fordring på Lufthavndrift AS konverteres til egenkapital i selskapet, og at de utstedte aksjene inngår i et samlet salg til Avinor.

Sauda kommune ønsker dermed ikke at kommunens fordring på Karmsund Lufthavn Invest AS konverteres til aksjer i Karmsund Lufthavn Invest AS.

Enstemmig vedtatt.
